

Meland kommune
Adm stab rådmann

Informasjon om beredskapsøving tysdag 27.10.15

Tysdag 27. oktober skal det haldast ei beredskapsøving i regi av Fylkesmannen i Hordaland («Øving Hordaland»). Tema for øvinga er denne gongen atomberedskap. Den «tenkte hendinga» er at det skjer eit uhell med ein reaktordriven u-båt på Håkonsvern, noko som kan gi radioaktivt nedfall i vårt område.

Kommunen si kriseleiing (KKL) vil setje krisestab under øvinga og respondere på meldingar og oppgåver frå fylkesmannen og dei lokale øvingsleiarane.

Det kan bli aktuelt at KKL legg ut informasjon/meldingar på kommunen si nettside, Facebook-sida vår eller på intranettet, og det kan også bli gitt oppgåver til tenesteområdeleiarane under øvinga.

OBS: Alle øvingsmeldingar vil vere tydeleg merka med ØVING – ØVING – ØVING.

Mvh
Kari Anne Iversen
Personal – og organisasjonssjef